

3. juli 2019

## Reguleringsplan for Meland kyrkjegard, Endringar.

### Klage merknader angående vannanlegget til gnr 16 – bnr 4 og 44 og gnr 17- bnr 3 i Meland

Som kjent for kommunen er det privat 2 toms vannledning som i dag ligg over den siste nye gravlunden ved kyrkja, den vart flytta i terrenget då gravplassen vart utvida i perioden ca årene 2003-04.

Denne vannledningen forsyner i dag vatn til 2 bruksnummer på Meland, gnr. 16- 4 og 44 og med forgreining i kumme til gnr 17 – 3 på Bjørnestad.

Vannanlegget er felles for tre bruksnummer på Meland og Bjørnestad med kapasitet og tilsig av grunnvatn på ca 60 -70 kubikk i døgnet av topp kvalitet.

Gnr 16 bnr 4 og bnr 44 hadde før den vart flytta på grunn av utviding av nyaste gravplassen eit vanntrykk på 3.8 bar inne i huset og som forsatt skulle vore det same trykket etterpå også.

Ang. vannledning så har gnr 16 – bnr 4 tinglyste rettar over gnr 17 bnr 1-2-3 - 5 – 16 for vannledningsgrøft med rett til vedlikehald av vannledningen frå brønn som er på gnr 17 bnr 1. Gnr 17- bnr 5 vart det meste ekspropiert og kjøpt av Meland kommune og skyldelt til gnr 17 – bnr 18 ca året 1996, der alle rettigheter/klausuler som kvilte på gnr 17 bnr 5 vart overført til bnr 18, som Meland kommune er eigar av i dag.

Me ber om at vannledningen vert lagt om på ein slik måte at den skal levera vatn til dei som er med på privat felles anlegget.

Sjå eksempel på vedlagt kart for omlegging av vannledningen merka med raud farge.

Gnr 16 bnr 4 og bnr 44 har i godkjendt byggeløyve for husa at dei skal ha privat brønn og vannledningstilførsel til eigedommane sine.

Me kan ikkje godta tilkobling av kommunalt vatn då det ikkje vert levert trykk nok opp til våre hus samt at det må vera ein fordel for kommunen at dei som har god privat vanntilførsel fortsatt kan bruka dette på grunn av høg boligutbygging i kommunen. Dette gjer at dagens kommunale vannledning får avlastning på ein allereie høgbelasta annlegg.

Etter KS sine forskrifter har kommunar ikkje rett til tvangspåkobling av vannforsyning når dei har ei forsvarleg drikkevannskjelda med høg kvalitet og eit godt trykk med sjølvfall. Vårt drikkevatt er både klart og luktfritt utan missfarging.

Her er og ein garanti / sikkerheit på at me alltid har vatn.

Kommunalt vatn er ein usikkerhet, då det er straumbrot i området og det må brukast pumpe.